



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6596 - 14/22605

Saksbehandlar:  
Christian H. Reinshol  
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:  
09.10.2014

## Kunngjering - høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad

Arbeid med kommunedelplan for massehandtering – Lindåsneset med Mongstad vert no starta opp, og planprogrammet for kommunedelplanen vart vedteke lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i plan- og miljøutvalsmøte 01.10.2014, sak 120/14. Det vert samstundes opna for innspel til arbeidet med planen, spesielt med omsyn til moglege område for deponering av massar, herunder jordforbetringstiltak innanfor landbruket, reine deponiområde og elles moglege deponeringsmåtar.

Frist for merknader til planprogrammet er **22.11.2014**.

Kommunedelplanen vert starta opp som følgje av at ein ser eit behov for samordning av handtering av massar frå dei ulike næringsområda på Mongstad som no står klare for utbygging. Som følgje av at Statoil har vedteke å flytte sine baseaktivitetar for Nordsjøen til Mongstad, har dette medført at større næringsområder som tidlegare har vore planlagt utbygd i mindre enkelttomtar no vert bygd ut under eitt. Dette medfører at store mengder masser, spesielt jordmasser, må flyttast som følgje av utbygginga.

Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og deltakarar, opplegget for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og behovet for utgreiingar. Planen skal bidra til ei betre samordning av massehandtering innanfor utbyggingsområda innanfor kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad og skal ta omsyn til mellom anna gjenbruk av jord, føremålstenleg plassering av massar og legge til rette for ei sams handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområde. Det er ei målsetting at ein skal få utarbeidd føresegnar som skal kunne nyttast inn i andre kommune(del)planar som vert utarbeidd for kommunen.

Det vil bli arrangert folkemøte i samband med offentleg ettersyn av kommunedelplanen. Planlagt dato for folkemøtet er tysdag 11. november 2014, men kommunen vil kome tilbake med fastsetjing av endeleg dato, tid og stad for folkemøtet.



Planprogrammet vert lagt ut i ekspedisjonen på rådhuset i Knarvik og vert også gjort tilgjengeleg gjennom kommunen sine [heimesider](#) og på [braPLAN](#). Merknader kan sendast per post til *Lindås kommune*, *Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø* eller elektronisk til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) innan 22.11.2014.

Med helsing

Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Oppstart og høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad 2014.10.09 -Planprogram for massehandtering - Lindåsneset med Mongstad

**Mottakarar:**

Naturvernforbundet Nordhordland	Hopland	5943	AUSTRHEIM
Nordhordland handverk og industrilag	Kvassnesvegen 11	5914	ISDALSTØ
Nordhordland Turlag	Postboks 32	5902	ISDALSTØ
Norsk ornitologisk forening, avd. Hordaland	Boks 280	5751	ODDA
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
BKK Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Hordaland Politidistrikt	Postboks 285	5804	BERGEN
	Sentrum		
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Miljødirektoratet	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
	Sluppen		
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap	Kjevikdalen	5956	HUNDVIN
Norges Vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091	0301	OSLO
Statens Vegvesen region vest	Majorstua		
Fylkesmannen i Hordaland	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Lindås og Austrheim Bondelag	Postboks 7310	5020	BERGEN
	Keilegavlsvegen 227	5953	FONNES
Nordhordland Jakt- og Fiskelag	Postboks 156	5903	ISDALSTØ
Nordhordland Skogeigarlag	Nesbrekka 2	5912	SEIM
Ove Herland	Litlåsvegen 19	5953	FONNES
Bygdefolket i Knarvik Nord og Hellestveit	Knarvik Nord	5955	LINDÅS
Lauvås bygdelag		5955	LINDÅS